

For ein sjørøvarbursdag!!

09.08.2015



Litt av ei sjørøvarskøyte!!

Då Olve Simones Tveit i går feira 10-årsdagen sin, vart det ei feiring som innbedne klassekameratar og vener garantert vil hugsa! Det vart nemleg eit spanande sjørøvar- og friluftstokt med den tidlegare fiskebåten Tunfisk. Etter ein båttur fylt med spenning enda dei opp på Halsnøy for nye minneverdige opplevingar.



Klar til å gå ombord.

Då gjestene møtte opp i båthamna, visste dei berre at dei skulle i sjørøvarbursdag og måtte ha med

redningsvest. Like lite visste også bursdagbarnet, Olve. Spenninga var til å ta og føla på, som dei seier, og det vart tippa på kva båt dei skulle reisa med. Nokre tippa til og med på den største i hamna, og dei fekk jammen rett!

Då alle var komne, vart dei leia ombord i den tidlegare fiskebåten Tunfisk som denne dagen var omgjort til ei skikkeleg sjørøvarskøyte. Vel ombord fann dei eit brev frå kaptein Hardskjegg. Han hadde tydelegvis vore ombord tidlegare på dagen utan at nokon hadde sett han. Brevet vart lese, men det stod ingen ting om kor turen skulle gå.



[På vei mot ukjent mål!](#)

Dermed måtte dei gå frå båthamna utan å ana kor dei ville hamna. Ute ved Holmen vart dei stoppa av ein bodberar i robåt. Han overrekte dei ei forseгла flaske og eit ausekar. Han bad dei om å vera forsiktige på turen, og sa at dei ikkje måtte stola på kaptein Hardskjegg.

I den forseгла flasken låg det ein nøkkel, og med den vart ei sjørøvarskiste opna. Deretter gjekk turen vidare til Skorpegavelen og Skorpetrollet. Seglasen gjekk så vidare til Klostervågen på Halsnøy. Her måtte bursdagbarnet, Olve, stupa i sjøen for å henta ein ny flaskepost. Siste etappe gjekk så i kajakkar frå kaien på Halsnøy Kloster til Sandvikjo.

Her vart det etablert camp og alle overnatta i telt til i dag.

Både kvelden og natta var sikkert fylt av spennande og koselege opplevingar, men det har ikkje vi henta inn opplysningar om. Ein ting er sikkert; - det vart nok ein uforgløymeleg bursdag for både 10-åringen Olve og gjestene.



[Bursdagsbarnet Olve, spent før tur.](#)

Tekst: Kristian O. Bringedal/Thor Inge Døssland
Foto og nett: Thor Inge Døssland